



Fakulteta

Senter for kvinne- og kjønnsforskning

Referanse

2022/12020-HEBJ

Dato

29.08.2022

Utlysing av OS-midler 2022/23

Studieavdelinga (SA) lyser ut OS-midler (Organisational Support) for studieåret 2022/23. OS-midlane blir generert av mobilitet gjennom Erasmusprogrammet og blir nytta til tiltak som vil fremje internasjonal studentmobilitet ved UiB.

SA viser også til UiB sin internasjonale handlingsplan og målsettingar om at ein større del av gradsstudentane skal ta ein del av utdanninga si ved eit samarbeidsuniversitet.

SA vil på grunnlag av dette prioritere tiltak som har som siktemål å auke utreisande studentmobilitet i Europa.

Både faglege og administrativt tilsette ved institutt og fakultet kan søke om OS-midler. Slike tiltak kan vere:

- Arrangement/tiltak for å fremje meir utreisande studentutveksling, så som informasjonsmøter og sosiale arrangement
- Arrangement/tiltak for å betre integrering av innreisande utvekslingsstudentar
- Kontaktreiser til partnerar for å legge til rette for eller kvalitetssikre utreisande studentutveksling
- Tiltak som fremmer satsingsområdet inkludering og mangfald innan internasjonalisering.
- Tiltak som fremjer internasjonalisering med eit lågt klimaavtrykk.

I utgangspunktet vil søkjarar få dekka inntil 50 % av utgiftene. Ved større utgifter (10.000 eller meir) kan støtta bli noko mindre, og ved små beløp kan vi vurdere å dekke meir enn 50 % av dei totale kostnadane.

Maksimalt tildelt beløp per søknad er 20.000 kroner.

Søknad om støtte skal sendast til Studieadministrativ avdeling i ePhorte, saksnr. 2022/12020, med ei kort oversikt over korleis pengane skal nyttast. Søknadane vil bli behandla fortløpande.

Vi ber fakulteta gjere støtteordninga kjend i fagmiljøa sine. Har de spørsmål, ta kontakt med

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

Studieavdelinga
Telefon 55582000
eksamen@uib.no

Postadresse
Postboks 7800
5020 Bergen

Besøksadresse
Langesgt. 1-3
Bergen

Sakshandsamar
Helge Bjørlo
55589241

Studieavdelinga, kontaktperson Helge Bjørlo.

Venleg helsing

Christen Soleim
avdelingsleiar

Nina Gry Stein
seksjonsleiar